



Møteprotokoll

Utval	Rådet for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad	Rådhuset
Dato	16.03.2026
Tidspunkt	kl 09:30 - 14:00

Frammøtte

Jon Ove Lomheim

Merete Aasen

Mona Åsen

Lars Jørgen Kjærvik

Observatør

Forfall

Hermann Odd Stein

Kjellrun Susanne Vigdal

Varamedlem

Odd Atle Stegegjerdet

Mette Alme

Andre som møtte:

I fellesdelen saman med eldrerådet:

Kommunedirektør Jon Bolstad, sekretariatet v/Anita Bjørk Ruud, Mona Jacobsen i deler av møtet.

Kommunalsjef John Olaf Røhme, prosjektleiar Kjell Olav Bondevik, tenesteleiar Kari Olseng Paulsen, kommunalsjef Knut Åge Teigen, plansjef Knut Vidar Svanheld og prosjektmedarbeider folkehelse Helga Garborg Sie

I rådet sitt møte:

Sekretariatet v/Mona Jacobsen.

Underskrifter:

Jon Ove Lomheim
leiar i rådet

Merete Aasen

Mette Alme

Saksliste

Saknr	Sakstittel
09/26	Konstituering av møte
10/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
11/26	Orienteringar, drøftingar og open post
12/26	Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030
13/26	Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda
14/26	Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda
15/26	Detaljregulering for Salen i Gaupne. Handsaming i råda
16/26	Status oppfølgjingssaker
17/26	Referatsaker

09/26 Konstituering av møte

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Handsaming

- Opprop, *forfall Kjellrun Vigdal og Hermann Odd Stein. Vara Mette Alme og Odd Atle Stegegjerdet.*
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad.*
- Godkjenning av sakliste, *ingen merknad.*
- Mette Alme og Merete Aasen vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

RPF - 09/26 vedtak

Mette Alme og Merete Aasen vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

10/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

RPF - 10/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 26.01.26 vert referert utan merknader.

11/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Handsaming

Orientering i fellesmøtet:

- Kommunedirektør informerte om folketal. Vidare om prosjektmidlar utgreiingsoppgåve ressurskrevjande tenester, og samfunnstryggleik og beredskap, Jostedal samfunnshus, rådhus, sjå vedlagde fellespresentasjon.
- Status helse og omsorg 2030, v/John Olaf Røhme og Kjell Olav Bondevik, sjå informasjon i vedlagde fellespresentasjon og Bondevik sin presentasjon om kvalitet.
- Informasjon frå omsorgstenesta v/Kari Olseng Paulsen, sjå vedlagde presentasjon.
- Den kulturelle spaserstokken v/Knut Åge Teigen, om tilskotsordninga og samarbeid med folkeakademiet, sjå informasjon i vedlagde fellespresentasjon.
- Reguleringsplan Salen, v/Knut Vidar Svanheld sjå vedlagde planinformasjon i fellespresentasjonen.
- Områdeplan Hafslo, v/Knut Vidar Svanheld sjå vedlagde planinformasjon i fellespresentasjonen.
- KPA, kommuneplanen sin arealdel, informasjonen vart vedteke utsett til neste møte den 11. mai.
- Ungdomsklubbane og status digital opplæring, informasjon ved Helga Garborg Sie og dialog om korleis få til best mogleg inkludering på ungdomsklubbane. Sjå informasjon i vedlagde fellespresentasjon.

Open post i rådet sitt eige møte:

Fun Club – godt tiltak

Må vera rom for alle og at vanleg ungdomsklubb og Fun Club er opne for alle og at kommunen bemannar opp godt begge klubbar slik at det er rom for alle.

Fun Club er no avhengig av enkeltpersonar privat, bør setjast meir i system av kommunen, slik at ein ikkje risikerer avlysing og liknande, og at privatpersonar kan delta som føresettt/støttekontakt og anna.

Invitasjon til rådsmøte

Rådet ynskjer at nokre føresette til barn med funksjonsnedsetting skal inviterast til rådet for å få utveksle informasjon. To namn er føreslege. Føresette vert invitert til møte 11. mai.

Reguleringsplan – Gaupnegrendane

Rådet vel å støtte uttalen til ATS. Sekretær sender inn uttale.

Ekstra rådsmøte

Rådet vil ha ekstra rådsmøte for tysdag 9.juni kl 10 for mellom anna oppfølgingslista, invitasjon til dialog med kommune, byggeigarar, brukarar med fleire

RPF - 11/26 vedtak

Drøftingane i møtet vert fulgt opp.

12/26 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 – 2030* (alkh.lov §1-7 d).
2. Luster kommunestyre vedtek *Ruspolitiske retningslinjer* gjeldande frå 19.03.2026 – 19.03.2030.
3. Sals- og skjenkeløyve for verksemder som har generelt løyve vert vidareført til 19. mars 2030.
4. Tiltak vert vurderte i budsjett- og økonomiplansamanheng, samt at mål og strategiar må synleggjerast i tilgrensande planar ved rullering.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Handsaming

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

RPF - 12/26 vedtak

Rådet har ikkje merknad til handlingsplan og retningslinjer.

13/26 Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Handsaming

Administrasjonen vil orientere nærare i neste møte i råda.
Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

RPF - 13/26 vedtak

Saka vert utsett til neste møte i rådet.

14/26 Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Handsaming

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

RPF - 14/26 vedtak

Langs fylkesveg må fortau ha 4 meter asfaltert breidde frå Biillagstomta til skulen. For alternativ med fysisk skilje kan asfaltbreidde fortau (eller eigen gangveg) reduserast til 3 meter. Kryssing med køyretøy over fortau (eller gangveg) skal berre skje i offentlig køyreveg eller regulert privat avkøyring og tilkomstveg.

15/26 Detaljregulering for Salen i Gaupne. Handsaming i råda

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Handsaming

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

RPF - 15/26 vedtak

Har ikkje merknad til detaljreguleringa, men ynskjer at vegen opp til feltet blir ein del av prosjektet. Ein bør ha betre køyreveg med fortau opp til feltet, og at denne inngår i prosjektet sjølv om det ligg utanfor planen. Må ha tryggare tilkomstveg.

16/26 Status oppfølgjingssaker

Tilråding:

Oppfølgjingslista blir gjennomgått i møtet.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Handsaming

Lista er oppdatert pr. møtedato.

RPF - 16/26 vedtak

Lista er oppdatert pr. møtedato.

17/26 Referatsaker

Rådet for personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Handsaming

RPF - 17/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.